


# VELKOMMEN



## DEN GODE BARNDOM!

Den gode barndom er gode venner og tid til lek.

En god barndom er fylt av kjærlighet og trygghet.

En god barnsdom er fylt av variasjon og utforinger.

En god barndom er rik på opplevelser, glede og humor.

En god barndom gir barnet opplevelser av  
å være betydningsfull og akseptert.

En god barndom er frihet til å utforske og tid  
til å bearbeide opplevelser og følelser.

En god barndom er møte med voksne som har  
glede av å gå inn i samspill med barnet.

En god barndom gir barnet tro på seg selv,  
fremtiden og sine medmennesker.

En god barndom er en barndom der  
barnets gleder og sørger blir tatt på alvor.

En god barndom er en barndom der barnet  
opplever positiv bekreftelse på egen undring og spørsmål.

Barndommen er en fase i livet som ikke kan forsøres eller taes igjen.

Barndommen har egenverdi.

Den må få ta sin tid!



## INNHOLD

Til nye foreldre	side 4
Den første tida i barnehagen	side 5
Barnehagen sin visjon og målsettingar	side 6
Litt om Måseide barnehage	side 7
Telefon og e-post	side 8
...og litt om det vi har å tilby	side 9
Orientering	side 11
IST Direkte - kommunikasjon mellom heim og barnehage	side 12
Reglar for avvikling av ferie	side 13
Kort info om internkontrollrutiner vedr. sikkerheit	side 14
Overgangar i barnehagen	side 15
Kosthald	side 15

## TIL NYE FORELDRE

Dette heftet er ei brosjyre som blir delt ut til alle nye foreldre. Den inneholder litt informasjon om barnehagen.

Første del av årsplanen, del 1, tek for seg meir den pedagogiske delen av arbeidet. Den blir delt ut til alle nye foreldre, ved oppstart. Ta godt vare på det gjennom heile barnehagetida.

Andre del av årsplanen, del 2, er ein kalendardel som blir delt ut i september til alle foreldre på foreldremøte.

Kalendardelen inneholder dei pedagogiske prioriteringane for inneverande år, felles og avdelingsvis. I tillegg er det ein fin kalender som m.a. vil gje informasjon om diverse arrangement og andre ting vi meiner er viktig for dykk å vite. Praktisk og nyttig!

Elles vil avdelingane legge ut vekeplanar og månadsplanar på mail eller gjennom IST Direkte. Avdelingane sender også ut eit «Fredagspost» med bilder som viser kva barna har gjort kvar veke.

- Følg med på oppslagstavla i garderoben.

Barnehagen treng nokre opplysningar for å gi barnet dykkar eit sikrast mogleg opphold, i tråd med personvernreglane.

Dette gjeld m.a. :

- Telefonnummer og mail
- Kven kan hente barnet
- Andre løyver, m.a. bilder og køyring i bil/buss

Dette må de registrere i IST-Direkte. Sjå side 12.

Elles må de ikkje nøle med å ta kontakt viss det er noko de lurer på eller om det er andre ting, både positivt og negativt. Hugs at vi er her for dykk !

Med vennleg helsing frå styrar  
*May Torvnes Dybvik*



# DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN

Fleire og fleire barn veks opp i to miljø - heime og i barnehagen. Den viktigaste oppdragelsen skjer i heimen. Foreldra si omsorg er viktigast for barn sin oppvekst og utvikling. Barnehagen vil aldri kunne erstatte foreldra sin verdi for sine barn. Barnehagen kan ikkje og skal ikkje erstatte heimen. Barnehagen er eit godt og viktig tilbod i tillegg til det foreldra gir. Barnehagen og heimen er to ulike arenaer for barna. For dei aller fleste fungerar dette godt, men vi veit også at dette kan vere krevjande for barnet, særleg dersom barnehagen og heimen har ulik praksis. Derfor er det så viktig at vi i barnehagen og de heime jobbar tett saman, ikkje berre den første tida i barnehagen, men gjennom heile den tida barnet er hos oss. Korleis kan foreldre og barnehagen samarbeide om barnet sitt beste? Det er ulike former for samarbeid, og det aller viktigaste er det som skjer ved bringing og henting.

## Bringing

Dei fleste barnehagar praktiserar ei form for kontaktpersonordning, det vil seie at ein bestemt voksen har hovudansvaret for kvar sine barn som begynner i barnehagen. Denne ordninga har vi også her på Måseide. Men, sjølv om barnet er blitt kjent med denne assistenter/fagarbeidaren eller barnehagelæraren, er det ikkje alltid prosessen går smertefritt. Her er nokre "kjørereglar" for ein god bringesituasjon:

- Foreldra og den tilsette skal vere einige om når det er riktig å ta avskjed.
- Den tilsette skal ha god kontakt med barnet når foreldra seier farvel.
- Det er viktig å vinke og ta farvel. Barnet skal vere klar over at foreldra går; de skal ikkje berre forsvinne i det stille. Det kan skape usikkerheit.

Nokre gonger vil avskjeden vere tung: barnet kan gråte, og foreldra kan då føle seg ulykkelege. Dette er naturleg og heilt normalt. Det er viktig å vere tydeleg som voksen; det er du som bestemmer og som skal sette grensene. Vil de at dei tilsette skal halde barnet, sjølv om barnet gret og vil til mamma/pappa? Snakk med kvarandre og med dei tilsette om dette!

Viss du som forelder er uroleg, gjer ein avtale med barnehagen om at de kan ringe og høre korleis det går. Som oftest stoppar gråten før de har starta opp bilen...

## Henting

Mange foreldre blir overraska over at hentinga av barnet kan skape like store utfordringar som bringinga. At barn ikkje vil gå heim, i hvert fall ikkje akkurat no! Dette er ikkje uvanleg. Også her er det barnet sine to verdener som støytar saman.

- Når de hentar barnet; hugs at de kjem frå kvar dykkar kvardag. Du veit ikkje kva barnet har opplevd, barnet veit ikkje kva du har opplevd. Er de sulten eller sliten, lei dykk eller oppstemd og glade? Møt barnet der og då, og finn ut kvar barnet er akkurat no.
- Møt barnet med opent sinn. Ikke vent at det kan svare på alle spørsmål du har. La øye og kroppspråk fortelle.
- Prøv å ikkje la hentinga bli ein stress-situasjon. La barnet få tid til å omstille seg til at det skal heim.
- Sørg for å ha diskutert også hentinga med dei tilsette i barnehagen. Korleis tenker de om dette? Er det OK at barna leikar ferdig medan de ventar?

Dersom barnet skal kunne meistre å leve i sine to verdener, er det nødvendig at dei vaksne - foreldre og dei tilsette i barnehagen - støttar og hjelper barnet.

Tilvenninga i barnehagen no, er første steg på vegen.

Lykke til og velkommen til oss!

## BARNEHAGEN SIN VISJON OG MÅLSETTINGAR



### Målsettingar:

- Skape eit anerkjennande miljø som fremmer respekt, likeverd, ein god sjølvfølelse for den enkelte.
- Gi barna opplevelse av meistring, utifrå eigne føresetnader, basis for lærings- og utvikling.
- Fremme barna sin sosiale kompetanse gjennom trygghet – og gode opplevingar.

Visjon tydar å sjå



noko vi skal strekkje oss etter,  
og som skal gi oss energi.

Målsettingar, visjon og satsings-områder blir vår misjon  
– vårt oppdrag som skal stadfeste kven er vi til for,  
kva skal vi bidra med og kva skal vi bidra til.  
Visjonen omfattar ALLE – både barn, tilsette og foreldre.

# LITT OM MÅSEIDE BARNEHAGE

Måseide barnehage vart opna 31. august 1993. 2 av avdelingane var for barn 0-5 år. Den tredje avdelinga var den gong ei rein 6-års avdeling som tilhørde Måseide skule.

Frå 01.08.97 blei 6-åringane flytta over i skulen sine lokalar. Måseide barnehage vart dermed ein 3-avdelings barnehage med barn i alderen 0-5 år, der eine avdelinga vart småbarnsavdeling 0-3 år, med 9 plassar.

Frå 01.10.07 fekk vi eit påbygg med nokre fleire rom, m.a. grupperom og møterom. I tillegg til påbygget hadde vi ei ombygging inne på småbarnsavdelinga. Småbarnsavdelinga har i dag 12 plassar under 3 år.

Frå 15.08.11 utvida vi storbarnsavdelinga til 24 plassar, medan den mellomste avd har 18 plassar tilpassa over og under 3 år.

I januar 2016 blei eit nytt påbygg tatt i bruk.  
Ei ny småbarnsavdeling med 12 plassar

Avdelingane har fått namn frå nærmiljøet til barnehagen:

## MYRBEKKE

- er namnet på heile området der skulen ligg.

## INGESKOGEN

- er kalla opp etter tomta der barnehagen ligg.

## PELLAMARKA (småbarnsavdeling)

- har fått namnet sitt frå ei mark på Søringarden som ligg rett ved barnehagen. Namnet kjem av at Peder Måseidvåg som eigde Søringarden blei kalla Pelle.

## PETTERGJERDET (småbarnsavdeling)

- har fått namnet sitt frå eit område rett nedanfor Måseide skule. Namnet kjem av at Petter Måseidvåg hadde eit inngjerda område med sauar, omrent der byggefeltet nedanfor skulen ligg.

Pellamarka og Pettergjerdet er dei avdelingane som tek i mot barn under 3 år. Ingeskogen kan ha barn både over og under 3 år, alt etter søknadene som kjem inn kvart år. Myrbekkane er storbarnsavdeling.

Barnehagen har Måseide skule som nærmeste nabo, og vi kan bruke deira uteplass og gymsal når det passar.



## TELEFON OG E-POST



E-post til styrar : may.dybvik@sula.kommune.no



**MYRBEKKANE**  
Mob.: 95 93 94 86

**INGESKOGEN**  
Mob.: 98 68 22 80

**PELLAMARKA**  
Mob.: 95 96 39 93

**PETTERGJERDET**  
Mob.: 98 42 52 14



...og litt av det vi tilbyr...

4-års kontroll  
i samarbeid med  
helsestasjon



Allsidig  
uteområde

Trygghet,  
meistring og  
gode opplevelser

Barnehagesvømming  
for 4- og 5-åringar,  
i regi av Aalesund svømme-  
og livreddningsklubb



Song og musikk  
glede og humor

Samarbeid  
barnehage/skule

Matservering -  
generelt sunt  
kosthold

Avdelingar som er  
tilpassa ulike aldersgrupper :  
0 – 3 års avd  
2 – 4 års avd  
3 – 5 års avd



Medbestemming



Tannpuss i  
barnehagen



# ORIENTERING

## Opningstid:

Opningstida er maks 10,25 timer innfor tidsrommet kl. 6.45 – 17.00. Vi har fleksibel opningstid innafor dette tidsrommet. Ordinær opningstid er 7.00-16.30. De må sjølv seie frå om de ikkje kan nytte dette tidspunktet. Må vere jobbrelatert. Max tilrådd opphaldstid er 9 timer. Viser elles til vedtektena for dei kommunale barnehagane.

## Hente/bringe:

Foreldra må ta kontakt med personalet ved bringing og henting. Foreldra kler av barnet om morgonen før det blir overleverte til personalet. Barnehagen skal ha melding dersom barnet skal hentast av andre enn foreldra. Personalet har ikkje lov til å levere frå seg barnet til andre - dersom vi ikkje har fått beskjed. Personalet kjem og går i lag med barna, og dette gjer at barn og foreldre kan oppleve at den vaksne tek ned/opp stolar, kostar og ryddar på ettermiddag/morgon.

## Kjøp av dagar:


Barnehagen kan tilby kjøp av dagar. Dette er kun aktuelt for dei som har redusert plass og som har behov for litt ekstra tid eingong i blant. Dersom vi har ledig kapasitet, kan vi innfri ønske om kjøp av dagar, for tida kr. 300,- pr. dag. Ta kontakt med personalet i god tid !

## Fråver:

Gi melding til barnehagen før kl 9.30 dersom barnet kjem for seint, er sjuk eller av andre årsaker skal vere heime. Dette kan de registrere gjennom IST Direkte. Det er viktig at de er flinke til å seie frå om barnet dykkar skal ha fri eller er sjuk. I tillegg er det kjekt at vi kan vente på barnet dykkar før vi eventuelt går på tur e.l.

## Sjukdom:

Barna skal vere friske nok til å vere ute når dei er i barnehagen. Elles ser vi generelt på allmen-tilstanden til



barnet om det kan vere i barnehagen eller må vere heime. Vi følger Folke-helsa si anbefaling når det gjelder barn med diaré /oppkast: barna skal vere heime i 48 timer etter at dei er symptomfrie. Dette er viktig for å unngå smitte ovafor dei andre barna og dei vaksne.

## Kledde o.l.:

Barna må vere kledd og utstyrt for all slags ver. Tøflar, regntøy og ekstra skift frå innerst til ytterst må oppbevarast i barnehagen. Alt tøy bør vere tydeleg merka. Spesielt sokkar, undertøy, hue og vottar. Regnklede skal vaskast kvar fredag. Dei som brukar bleier, må ha med dette heimanfrå.

## Foreldrebetaling:

Foreldrebetalinga er fordelt på 11 mnd/år.  
Juli månad er betalingsfri.

## Mat:

Barnehagen serverar all mat til 3 måltid pr.dag. Vi legg vekt på eit sunt og variert kosthald i tråd med nasjonal rammeplan og helsedirektoratet sine anbefalinger. Foreldra betalar kostpengar.

Betalinga pr. mnd er for tida:

- 5 dagars plass kr. 310,-
- 4 dagars plass kr. 260,-
- 3 dagars plass kr. 210,-

Beløpet blir lagt til den månadlege foreldrebetalinga. Det er kommunestyret som fastsett månadssatsen for desse kostpengene i dei kommunale banehagane. Månadssatsane kan dermed variere frå bhg til bhg.

### **Tannpuss i barnehagen:**

Alle avdelingane tilbyr tannpuss til dei barna som spiser frukost i barnehagen og/eller til dei som ikkje har fått tid til å pusse tennene før dei kjem i barnehagen. Dette tilbodet har vi gjort sidan aug-08, etter råd frå Tannhelsetenesta som ønskjer meir fokus og gode vanarog for å betre tannhelsa til barn generelt. Barnehagen har tannglass, og vi deler ut tannkost og tannkrem til nye barn, ved oppstart. Foreldra må kjøpe tannkost og tannkrem etter behov.


### **Søving:**

Dei barna som har behov for å sove, såv for det meste ute, i sportsvogner. Ta med ei vogn de ikkje er så "redd for".

### **Fødselsdagar:**

Barnehagen kjøper inn mat/frukt saman med barnet, og steller i stand til selskap. Det varierar frå avdeling til avdeling kva barna får tilbod om.

Når nokon har bursdag, så heng vi ut eit balkongflagg for å markere og gjøre ekstra stas på barnet. Vi har kun 1 "flaggfeste", og av praktiske årsaker er det festa på veggen ved uteskuret til den midtarste avdelinga. Elles leggjer avdelingane opp til selskap, med ulikt innhald.



### **Facebook:**

Barnehagen har ei open Facebookside. Denne sida skal gje litt informasjon til dykk foreldre, men skal i hovudsak vere mest til profilering ut mot nye brukarar og nye tilsette. Det vil derfor ikkje vere ei kommunikasjonsside. Det vil bli lagt ut litt felles stoff ein gong i veka.

### **Heimeside:**

Barnehagen har heimeside under Sula kommune si heimeside. Alle barnehagane i Sula har heimeside under Sula kommune si heimeside. Gå inn på [sula.kommune.no](http://sula.kommune.no) - Oppvekst og utdanning - Barnehage - Barnehagar i Sula kommune. Her finn de Mæsиде barnehage si side, som blir ei informasjonsside til alle som vil lese og finne nyttig informasjon om barnehagen. Det ligg elles mykje nyttig informasjon i boksa for «Barnehage».

### **Barnehagerute:**

Dagar som barnehagen er stengt:  
planleggingsdagar/studiedagar for personalet.  
Alle foreldre får utdelt barnehagerute. Sjå heimeside.

### **Vedtekter:**

Hovudrammer for drifta. Sjå heimeside.

### **Teieplikt:**

Alt personell, medlemmar av samarbeidsutval og politiske utval har teieplikt. Gjeld også vaskehjelp, studentar og andre som er utplassert hos oss.

# IST DIREKTE

## — KOMMUNIKASJON MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Vi har tatt i bruk eit nytt system som skal betre og forenkle kommunikasjonen mellom barnehage og heim. Formålet med IST Direkte er at de som føresette skal logge dykk inn og sjølv registrere dersom barnet er sjuk, skal ha fri eller dersom det er andre avtalar som skal leggast inn på dykker barn. Eksempel på avtalar kan til dømes vere at barnet bli henta av andre enn dykk foreldre, og avtalar om medisinering. Om barnet skal kome eller ikkje i ferieperiodar må også registrerast digitalt i IST Direkte. Barnehagen legg opp periodane vi ønsker svar på om ditt barn kjem eller ikkje, eksempelvis romjul, påske og sommarferien. Du som føresett loggar deg inn og svarer på om barnet kjem eller ikkje. De skal ikkje melde dykk på via mail til styrar. Dei som ikkje legg inn noko i IST Direkte vil som før bli ståande som FRI i ferieperiodane vi ber om tilbakemelding på!



De må også gå inn på dykker barn og legge inn alle opplysningar om mail, telefon, ulike tillatelsar som gjeld personvern, til dømes bildebruk, kven kan hente barnet dykker osb. Alle må gå inn og registrere dette, og passe på å revidere/endre om det kjem endringar gjennom året.

### Pålogging: [sula.direktebhg.no](http://sula.direktebhg.no)

IST Direkte har same funksjonalitet uavhengig av om ein loggar seg inn via PC, mobil eller nettbrett. De vel sjølv om de vil bruke ID-porten som pålogging kvar gang, eller om de ønskjer å opprette dykk eit brukarnamn og passord når de har logga dykk inn første gong, og deretter bruke dette når de loggar inn. Oppretting av brukarnamn og passord skjer nede på sida under menyen «Barnet». Hugs å trykke «Lagre bruker» etter at du har lagt inn brukarnamn, passord og gjentaging av passord.

Om de vil lagre ein snarveg til påloggingsvinduet anten på startskjermen på mobilen dykker eller som snarveg på PC så er det innloggingssida dykk lagrar, altså sida dykk er på før de trykkjer dykk vidare inn via ID-porten eller Foresatt innlogging: [sula.direktebhg.no](http://sula.direktebhg.no) Det er også her du vel om du vil logge inn via ID-porten eller via brukarnamn og passord som du sjølv har oppretta. Om du har gløymd brukarnamn eller passord må du logge inn via ID-porten, og så gå inn på menyen «Barnet» for å endre brukarnamn eller passord. Styrar kan sende ut brukermanual til føresette som ønskjer dette.  
Ta elles kontakt med dei tilsette om du treng hjelp!

Til vitande:

Dei tilsette nyttar avdelingane sin mobil og/eller nettbrett både inne og ute. Vi ønskjer å begrense tida med «mobilbruk», men vi ser at dette dataprogrammet gjer at mobilen blir meir i bruk, men då grunna bruken av dataprogrammet.

# REGLAR FOR AVVIKLING AV FERIE FOR BARN



Ferieavviklinga er lik for alle kommunale barnehagar, jf. dei kommunale vedtekten.

Barnehagen er open alle kvardagar.

Unnfraka er jul - og nyttårsaftan, kvardagane i romjula og påskeveka og 5 planleggingsdagar.

I og med at juli månad er betalingsfri, må barna ha 4 veker fri, dette vert rekna som barna sin ferie.

3 av desse vekene må takast samanhengande i skulen si ferietid om sommaren, jfr skuleruta.

Dei kommunale barnehagane kan samarbeide om drift i sommarvekene, ut ifrå kartlegging i den enkelte barnehage.

Dei stengde dagane i romjula og påska blir rekna som barna si 4. ferieveke.

Barn som skal byrje på skulen, eller av andre grunnar skal slutte, må avvikle ferien innan gjeldande barnehageår etter reglane ovanfor.

Grunna avvikling av personalet sin ferie, skal barna sin ferie kartlaggast gjennom bindande påmelding etter gjeldande fristar. **Frist for påmelding til sommarferie: 30. april.**

Når fristen for tilbakemelding er ute, blir arbeidsplan for personalet sett opp utifrå det behovet som er meldt.

Dei tilsette er fordelt i 4 feriepuljar, frå ca 15. juni – ca 10. august. Puljane rullerar år for år.

Vi nyttar vikarar for å dekke opp behovet og/eller ved sjukdom.



# SIKKERHET INNE OG UTE

Frå 15. november 2015 fekk vi gjerde som skiller oss frå skoleområdet. Det blir meir oversiktleg for alle, med tanke på sikkerheita spesielt.

- **Vaksenrolla:** Dei vaksne si kompetanse, innsikt, haldningar, erfaringar og kunnskap om TRYGGLEIK er avgjeraande for resultatet. Fungerer dette blir vi meir ørvakne og deltakande når det verkeleg trengst. Vi unngår overdriven grensesetting med reglar som kjepphestar. Vi blir både modigare og observante. Barnehagen skal ikkje vere nokon "tryggingsanstalt", men ein lærings- og utviklings-arena, som igjen er avhengig av korleis dei vaksne legg til rette aktivitetane for barna — inne og ute.

## • Bemanningsa:

At vi til ei kvar tid er nok vaksne til at tryggleiken blir ivaretakten. Utifrå bemanningsa må dei vaksne derfor til ein kvar tid vurdere kva aktivitetar og kvar barna kan leike, både inne og ute.

## • Risikovurdering:

Alle avdelingar lagar ei risikovurdering frå barnehagen opnar til den stenger. Denne risikoanalysa blir redigert og tilpassa nye barnegrupper på kvar avdeling i aug/sept.

## • Kriseperm

Vi har kreiseperm som er utarbeidd av Personalamslorg i Sykkylven. Den tek m.a. for seg akutte kriser og alvorleg skade og sjukdom blant barn, tilsette og foreldre. Dem inneheld gode handlingsplanar på alle nivå.

Her i barnehagen har vi arbeidd eindel med internkontroll som m.a. gjeld sikkerheita for barna, og vi har kome fram til følgjande som skal gjelde for oss her ved Måseide barnehage:

- Krav til deltaking og kontroll av risikofylte aktivitetar inne og ute i barnehagen, med oversikt over reglar, prosedyrar, handlingsplanar ved ulykker osb.
- Tryggleiken skal tilpassast dei ulike avdelingane, barna og deira føresetnader !
- Reglane skal derfor vere fleksible og individuelle.

Når det gjeld utelek, skal dei tilsette sirkulere overalt der barna leiker, følgje opp og hjelpe der det trengst - uavhengig av kva avdelinga det måtte gjelde.

Avdelingane har sine "teljarar" når dei er ute. Den vaksne, som har på seg "teljarband" har i oppgåve å telle barna på si avdeling, kontinuerleg.

Då kan dei andre vaksne leike og hjelpe der det trengst. Bruk av refleksvestar på småbarnsavdelingane gjer det også lettare å ha oversikt over alle barna. Det er kvaliteten på tilsynet som er avgjerande, både inne og ute. Nokre gongar er det nok å halde eit auae med kva barna driver med. Andre gongar kan det vere viktig å vere på "høvreavstand" for å sjekke kva som faktisk foregår. Enkelte aktivitetar krev at ein er så nær at ein kan ariepe direkte fvisk inn om noko skjer.



# OVERGANGAR I BARNEHAGEN



Nasjonal «Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver» har fokus på overgangar i barnehagetilbodet.  
Dette gjeld:

Overgang heim - barnehage: Samarbeid for å legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.  
Sjå meir informasjon om dette på side 5: Den første tida i barnehagen

Overgangar innad i barnehagen - mellom avdelingane: Personalalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei bytta barneguppe.

Overgang barnehage - skule: Alle barnehagane og skulane i Sula har eit forpliktande samarbeid, der målet er å legge til rette for ein god overgang barnehage – skule, i tråd med nasjonale og lokale planar. Samarbeidet er forankra i eit årshjul, som viser kven som har ansvar og kva tid ein skal/må ta kontakt med kvarandre.

Måseide barnehage samarbeidar med alle skulane som våre 5-åringar høyrer til. Vi er med på grovplanlegginga, og det blir litt ulike opplegg/ aktivitetar frå krins til krins. Dag og tidspunkt for aktivitetar/opplegg vil stå i årsplankalendaren del 2.

Dei tilsette ved Måseide barnehage og Måseide skule har eit spesielt samarbeid, sidan vi ligg på same tomta. Vi har eit godt samarbeid sjølv om vi ikkje har dagleg kontakt.

## KOSTHALD

Barnehagen har ansvar for å legge til rette for måltider som fremmar helse. Vi skal bidra til at barna får gode vaner når det gjeld kosthald, og bidra til at barna utviklar ei forståing for korleis dei kan ta vare på eiga helse. Vi er ein arena der barna på ein naturleg måte kan tilegne seg kunnskap og gode haldningars når det gjeld mat, måltider og hygiene. Måltider betyr også samhandling og fellesskap – eit ledd i utvikling av sosial kompetanse. Vi legger vekt på eit sunt og variert kosthald, utifrå helsedirektoratet sine anbefalingar.

Vi har ei bevisst haldning til bruk av sukkerhaldige matvarer i barnehagen. Vi har god erfaring i å tilpasse mat og allergi, eller andre forhold, i samarbeid med dykk foreldre. Dei tilsette har også kunnskap frå Fiskesprellkurs (fisk og sjømat), og tilbereding av mat både inne og ute.





Meistring

Tryggheit

Gode  
opplevelingar